Første blad

Emneliste nr. 43.
Ting til lækjedom og vern mot sjukdom.
Oppsk. Harald Skarvoll
Adr. Setså.

Fylke: Nordland
Herad: Saltdal
Gard: Setså
G.nr. 2. B.nr. 3.

---

Svar.

B. Armband.

6. Ein kjenner berre til messingarmband mot gikt. Og det er illkje gamalt. Det var vel for kring tjue år sidan at det var så på mote, og det heldt seg vel til krigen, men då kom det vekk.

Dei første ringane kjøpte folk, men kvarhen, veit eg illkje, men venteleg var det lomphandlarar (Koffert-handlarar) som selde slikt. Det er no utruleg kva dei kan få seld. Seinare då ein oppdaga at det var vanleg messing eller koparträd (det var vel helst messing) så kjøpte folk sjølv ein stubb og bøygde ihop. Men endane måtte illkje nå ihop. Ringane virka slik at elektrisiteten i armen (og kroppen elles) samla seg i ringen og strøymde ut or endane. Dei virka altså som ein lynavleidar.

9013

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING